



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Statens vegvesen, Region midt

Pb 2525
6404 Molde

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/513	5702/2016	110	SVK/ SONHAV	11.05.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018-2029 - INNSPEL TIL STATENS VEGVESEN SITT HANDLINGSPROGRAM

Vi melder med dette frå at formannskapet den 10.05.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 88/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Volda formannskap vil melde inn følgjande tiltak i høve Statens vegvesen, region midt, sitt arbeid med handlingsprogram i høve NTP 2018-2021 (23) (uprioritert rekkefølge):

- ✓ Voldatunnel (Volda sentrum- Furene)
- ✓ Gang-sykkelveg Volda-Ørsta
- ✓ Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum
- ✓ Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- ✓ Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad med ferjene på Voldsfjorden.
- ✓ Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum
- ✓ Venterom på Folkestad ferjekai
- ✓ Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.
- ✓ Voldsfjordkryssing

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Asbjørn Moltudal - sakshandsamar

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2016/513

Arkivkode: 110

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

88/16

Formannskapet

10.05.2016

NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018-2029 - INNSPEL TIL STATENS VEGVESEN SITT HANDLINGSPROGRAM

Handsaming:

Odd A. Folkestad viste til notat frå Asbjørn Moltudal og bad om at dette vert lagt ved saka.

Formannskapet drøfta saka og det vart gjort slike redaksjonelle endringar:

- I første periode vert følgjande lagt til, *uprioritert rekkefølge*.
- Kulepunkt 5 – Korrespondanse Timeekspresen Volda-Folkestad ~~jf. punktet ovanfor,~~
med ferjene på Voldsfjorden.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med redaksjonelle endringar, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 10.05.2016:

Volda formannskap vil melde inn følgjande tiltak i høve Statens vegvesen, region midt, sitt arbeid med handlingsprogram i høve NTP 2018-2021 (23) (uprioritert rekkefølge):

- ✓ Voldatunnel (Volda sentrum- Furene)
- ✓ Gang-sykkelveg Volda-Ørsta
- ✓ Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum
- ✓ Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- ✓ Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad med ferjene på Voldsfjorden.
- ✓ Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum
- ✓ Venterom på Folkestad ferjekai
- ✓ Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.
- ✓ Voldsfjordkryssing

Varamedlem Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid gjekk og Gunnar Strøm tok sete.

Administrasjonen si tilråding:

Volda formanskap vil melde inn følgjande tiltak i høve Statens vegvesen, region midt, sitt arbeid med handlingsprogram i høve NTP 2018-2021 (23):

- ✓ Voldatunnel (Volda sentrum- Furene)
- ✓ Gang-sykkelveg Volda-Ørsta
- ✓ Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum
- ✓ Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- ✓ Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
- ✓ Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum
- ✓ Venterom på Folkestad ferjekai
- ✓ Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.
- ✓ Voldsdfjordkryssing

Vedleggsliste:

Brev av 13.4.16 frå Statens vegvesen

Uprenta saksvedlegg:

1. Transportetatane og Avinor sitt forslag til NTP 2018- 2021: <http://www.ntp.dep.no/>
2. Vedtak i formannskapet 5.4.16, sak 61/16

Samandrag av saka:

Statens vegvesen, region midt, ber i brev av 13.4.16 om innspel til handlingsprogram i høve NTP 2018/2021.

Saksopplysningar:

Plangrunnlaget til Nasjonal transportplan 2018 – 2029 er ute til høyring, og regjeringa tek sikte på å legge fram stortingsmelding om NTP våren 2017.

I samband med fylkestinget si handsaminga av NTP har kommunen med grunnlag i det som går fram av plandokumentet spelt inn Voldatunellen og bede fylkestinget som høyringsinstans spesielt prioritere det prosjektet.

Parallelt, som ei konkretisering og oppfølging av Nasjonal transportplan, skal Statens

vegvesen utarbeide Handlingsprogrammet 2018 – 2021 (23). Handlingsprogrammet, som også viser dei mindre prosjekta innafor programområda, blir utarbeidd med grunnlag i rammer og føringar som blir gitt i NTP. Etter planen skal handlingsprogrammet vedtakast vinteren 2018.

Handlingsprogrammet omfattar i første rekkje europa- og riksveger, og som grunnlag for Det blir bede om mest moglig konkrete innspel, og at det blir utarbeidd ei liste som omfattar punkt og strekningar på riksvegnettet der kommunen meiner at tiltak innafor programområda nedanfor bør prioriterast:

- Utbetringsiltak
- Tilrettelegging for gåande og syklende
- Trafikksikringstiltak
- Miljø- og servicetiltak
- Kollektivtrafikktiltak og universell utforming

Det blir bede om at prioritering av innspel vert grunngjeve, der aktuelle punkt f.eks. vil vere brukarar, skuleveg, samanhengende gang-/sykkelnett, tilretteleggjing/betre framkome for næringslivet gjennom fjerning av flaskehalsar etc. Dette som et grunnlag for region midt si vurdering av innspela.

Riksvegnettet vil så langt region mist kjenner situasjonen i dag i vår region omfatte følgjande i rute 4a:

- E 39 Sogn og Fjordane grense (Kviven) – Ålesund (Breivika)
- Rv. 651 Sogn og Fjordane grense (Stigedalen)- Volda ferjekai

Vurdering og konklusjon:

Volda formannskap har i samband med fylkeskommunen sitt regionale samferdselsmøte 28.4.16 sett opp følgjande aktuelle tema/prosjekt til drøfting, jfr. sak 61/16:

- ✓ Voldatunnel
- ✓ Gang-sykkelveg Volda-Ørsta
- ✓ Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum
- ✓ Fv.40 rassikring Dalsfjorden
- ✓ Fartsreduksjon Fv. 40 Nautvik-Kornberg
- ✓ Gangveg Vikebygd skule –Haueidet.
- ✓ Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- ✓ Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
- ✓ Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum
- ✓ Venterom på Folkestad ferjekai
- ✓ Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.
- ✓ Voldsdfjordkryssing

Fleire av desse gjeld nettopp tiltak på vegstrekningane i rute 4a: E 39 og Rv 651.

Rådmannen gjer såleis framlegg om at formannskapet overfor Statens vegvesen melder inn følgjande prosjekt:

- ✓ Voldatunnel (Volda sentrum- Furene)

- ✓ Gang-sykkelveg Volda-Ørsta
- ✓ Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum
- ✓ Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- ✓ Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
- ✓ Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum
- ✓ Venterom på Folkestad ferjekai
- ✓ Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.
- ✓ Voldsdfjordkryssing

Alle desse tiltaka er vel kjende for Statens vegvesen, region midt, slik at ytterligare grunngjeving ikkje bør vere naudsynt.

Helse og miljøkonsekvensar:

Alle opplista tiltak vil gje både helse og miljøgevinst.

Økonomiske konsekvensar:

I utgangspunktet ingen for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Betra samferdsel gir betra beredskap.

Naturmangfaldlova:

Vil verte vurderte i samband med planlegging av dei aktuelle tiltaka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Statens vegvesen, region midt
Postboks 2525,
6404 Molde.